


TUFSKRØKJUN

NORDAVIND







Ordet tufskrøkje blir sagt om ei som ikkje får til noko særleg. Difor er namnet «Tufskrøkjun» eit særdeles lite treffande namn på desse felespelarane frå Vågå, Sel og Lom. Tufskrøkjun er tvert imot svært så dyktige i alt dei gjer, noko denne CD-en til fulle vitnar om!

Kari Grøslund (f. 1977) Ann Kristin Odnes (f. 1975), Synne Grothe (f. 1975) og Astrid Sulheim (f. 1977) er fire venninner som er dyktige enkeltvis og som likar å spela saman. Og det har dei til fulle vist gjennom mange toppresultat frå kappleikar.

Trass sin unge alder har Tufskrøkjun ei lang fartstid. Synne og Ann Kristin stilte for fyrste gong på Distriktskappleiken på Åndalsnes i 1993, da som duo. Kari vart med like etter. Dei tre samla spelte så på Distriktskappleiken på Tynset i 1995. Astrid Sulheim kom med i 2013. Fyrste landskappleiken dei var med på var i 1996, i Vågå. Dei har delteke årvisst sidan. Tufskrøkjun gjekk til topps i Gruppespel fyrste gongen i 2007. Heile seks gonger har dei vunne Landskappleiken, deriblant dei tre siste. Dei har òg delteke på Nordisk meisterskap i Sälen.

Gruppa har spelt mykje til dans – både til dansarar på kappleik

og til dans elles. Dei har vore trufaste deltakarar på Folkemusikk-treffene og Vågåtrefte i mange år og har delteke på ei mengd konsertar.

Tufskrøkjun spelar mest slåttespel frå Nord-Gudbrandsdalen og aller helst springleik. Hovudtyngda av repertoaret er frå Vågå og noko frå Lom. Viktige kjelder for musikken er Jakob Skogum, Pål Skogum, Ola Eide, Erling Kjøk, Knut Kjøk, Reidar Skjelkvåle, Hans H. Holen og Ola Opheim.

Tufskrøkjun er bevisste på å hente fram eldre slåttar, samstundes som dei evnar å forme dei og tilpasse dei til nyare samspelformer. I samspelet nyttar Tufskrøkjun «grovt og grant», sekundering og smakfulle arrangement for å fargeleggje.

Personleg har eg hatt gleder av å ha felespelarane frå Vågå og Sel med i Vågå Spelmannslag i mange år. Kari og Ann Kristin òg i Juniorspelmannslaget. Ein skjønte svært tidleg at dette vart dyktige utøvarar!

Denne CD-en osar av kvalitet på alle vis – så nyt musikken!

Trond-Ole Haug

1. LEIRDENGJA, SPRINGLEIK ETTER OLA OPHEIM

Ola Opheim (1920–2003) var kjent for ein særleg eggjande rytme i spelet og var av dei viktigaste tradisjonsberarane i Vågå. Det har vorte sagt at Gamel-Skårin (Ola Sjugurdsson Skaar 1773–1863) har laga denne leiken. Namnet kjem frå «å dengje leire» som var vanleg før i tida når dei dreiv med murarbeid.

2. NORDAVIND, SPRINGLEIK I FORM ETTER REIDAR SKJELKVÅLE

FelJakup (1821–1876) laga denne storfelte springleiken ein gong han låg vêrfast på ein gard i Skjåk, og nordavinden bles så han ikkje fekk sova. Denne springleiken blir også kalla «Vindflogoleiken». Springleiken finst i fleire former i Ottadalen, og denne forma har vi etter Reidar Skjelkvåle (f. 1940) frå Skjåk.

3. VALS ETTER OLA EIDE

Ole Eide (1901–1983) frå Lalm hadde eit stort repertoar og var kjent for ein alderdommelege tonalitet. Denne sjeldne valsen knytte Ola til Hans Slettmo (1824–1894) i Heidal. Måten vi sekunderer på, har vi lært av Øyvind Skogum.

4. LYKKJELEIK, SKOTSK ETTER ERLING KJØK

Vi har denne skotsken frå notesamlinga «Slåtte og leikje» av Knut Kjøk, men vi har lagt han om frå G-dur til D-dur. Nemninga kjem av at dette var ein av skotskane Ola Moløkken (1871–1957) i Garmo let.

5. KARI KLUFTE, SPRINGLEIK ETTER ØYVIND SKOGUM

Kari Klufte var ei danseglad jente frå Sjørdalen, og slåttenamnet kjem av at ho dansa med ein lusete kar etter eit vågemål medan Ola Bråtå let leiken. Leiken blir av kalla «Gamel-Steinin» med ei anna historie som bakgrunn. Denne forma har vi etter Øyvind Skogum (1936–2018) frå Lalm, ein solid spelemann med særmerkt stil. Leiken går på felestillet gorrlaus bas (DDAE).

6. FYKERERUDHALLINGEN HASS JOHAN BRÅTÅ

Johan Bråtå (1868–1955) frå Vågå var i Amerika i rundt 26 år, og der lærde han slåttar av bl.a. Lars Fykerud. Vi har hallingen etter Knut Kjøk, som har vore viktig som læremeister og inspirasjonskjelde for oss. Andreas Bjørkås har arrangert hallingen.

7. ROSENBERGER'N, VALS ETTER PÅL SKOGUM

Pål Skogum (1921–1991) var den eldste av Skogumsbrøerne og var ei viktig kjelde for slåttemusikken i Vågå og Heidal. Pål budde mykje av livet sitt i Begnadalen, og han lærde denne valsen av Lars Bertelrud frå Hedalen i Valdres. Namnet tyder på at det er ein vals etter Fant-Karl, truleg Karl Johansen Rosenberg (ca. 1775–ca. 1855).

8. SØLJUKOLLJAKUP NR. 2, SPRINGLEIK ETTER JAKOB SKOGUM

Jakob Skogum (1923–2013) har vore ei viktig inspirasjonskjelde for oss. Denne særeigne springleiken var namnlaus, men liknar noko på den meir kjende springleiken «Søljukolljakup». Difor har den i seinare tid fått namnet «Søljukolljakup nr. 2».

9. LILJOMEN, HALLING AV SJUGURD GARMO

Sjugurd Garmo (1896–1991) frå Garmo i Lom har laga om lag 50 slåttar i gamal stil. Denne leiken har vorte spelt både som lydarslått og halling.

10. VALBJØRSLYKKJIN, SPRINGLEIK ETTER ERLING KJØK

Dette er ein typisk Vågåspringleik som finst i fleire former. Erling Kjøk (1913–1999) hadde denne forma etter Ola Nystuen (1875–1946) frå Vågå. Han i sin tur lærde leiken av Ola Ringnes (1811–1902), ein av storkultane blant dei eldre spelemennene.

11. HANS HOLENS MINNE

Hans H Holen (1930–2011) er ei av dei store kjeldene for folke-musikken i Vågå. Vi har sett saman to slåttar vi har etter han, lydarslåttan «Jenta gjekk seg oppå ei hø» og springleiken «Bestemor». Det trestemte arrangementet vi brukar på lydarslåttan, er laga av Hans. Leikane blir spelt på felestillett oppstemt ters og bas (AEAE).

12. REINLENDER ETTER JOHAN BRÅTÅ/OLA OPHEIM

På 1960-talet vart det ein ny renessanse for gamaldansen, mykje takka vere Ola Opheim og Oddvar Nygaard. Vi har denne reinlenderen etter eit opptak med Ola.

13. **JAKOB LOM, SPRINGLEIK ETTER OLA EIDE**

Ola var frå Lalm, og i feletradisjonen her er det mange leikar knytte til Fel-Jakup. Denne springleiken finst i ulike variantar fleire stader i landet, og i Skjåk er han kalla Fel-Jakup. Dette var den lokale nemninga for denne vidgjetne spelemannen, men utanom bygda var han nok mest kalla Jakob eller Jakup Lom. Han var fødd i 1821 i nåverande Skjåk, men fram til 1866 var Skjåk ein del av Lom kommune.

14. **GAMEL-EIRIK-HALLINGEN ETTER OLA EIDE**

Ola hadde mange hallingar på repertoaret, og denne hallingen har vi lært etter eit opptak med han.

15. **STORSAGJE, SPRINGLEIK ETTER OLA OPHEIM**

Ola Opheim nemner Ola Ringneset (1811–1902) som kjelde for denne kveke springleiken på oppstemt ters og bas.

16. **VALS ETTER OLA OPHEIM OG JAKOB SKOGUM**

Denne valsen på gorrlaus bas etter Ola Bråtå (1844–1923) spelte Jakob og Ola inn på plata «Vågaleikjer» i 1972. Måten vi sekunderer på, har vi lært av Øyvind Skogum.

Det har skjedd mykje sidan den spedde starten til Tufskrøkjun i 1993, og vi kan sjå atende på mange år med latterkuler, dikting, synging, speling og mykje løyle. Å spela inn CD har vore prata om i mange år, men det skulle altså gå heile 27 år før vi fekk realisert det.

Vi har mange å takke. Fyrst og fremst Anne og Ola Grøslund for både musikalsk- og anna føde i det vi kan kalle den folkemusikalske heimen vår, Hellelykkja. Her har det alltid vore ope dør og vi har gode minne frå mang ei spelstund i desse vakre omgjevnadene i Nordherad.

Vidare må vi få takke Aslak Brimi som delte raust, slik at vi fekk akkurat den starthjelpa vi trong. Vi må også takke dei eminente komparane, Bjarne Odde og Geir Byre, som stilte velvillig opp, og Trond Ole Haug for gode ord. Sist men ikkje minst takkar vi Carl Petter og Fridtjof for inspirasjon, motivering og godt arbeid gjennom heile innspelingsprosessen.

Tittelen på plata måtte bli «Nordavind», – ein kvek springleik som vi har brukt mykje, og som var den fyrste leiken vi spelte saman alle fire.

Vi håpar CDen fell i smak.

Tufskrøkjun

Innspelt i kulturstugu i Utgard 7.–9. oktober 2020
Opptak, miksing og mastering: Fridtjof Lindemann
Produsent: Carl Petter Opsahl
Tekst: Kari og Ola Grøslund
Foto: Yury Rogachev
Grafisk formgjeving: Eva Karlsson
Medverkande: Geir Byre (gitar) og Bjarne Odde (kontrabass)
Arrangement: Andreas Bjørkås har arrangert Fykerudhallingen (nr. 6). Dei andre arrangementa er laga av Tufskrøkjun.

Produksjonen er støtta av Norsk kulturråd, Sparebank 1 Lom og Skjåk, Sparebank 1 Gudbrandsdal, Lom kommune, Vågå kommune, Sel kommune, Gudbrandsdalen folkemusikklag, Skjåk spel og dansarlag, Lom spel og dansarlag, Vågå spel og Dansarlag, Sel spel og dansarlag, Anne og Ola Grøslund.



Støtta av Kulturrådet

SpareBank **1**
LOM OG SKJÅK

SpareBank **1**
GUDBRANDSDAL





TA233CD